



ÅRSMELDING  
*Teatret Vårt*  
2004

TEATRET VÅRT - AS REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL

## INNHALD

Teatret Vårt 2004	side 3
Styret si årsmelding	side 8
Generalforsamling	side 8
Statistikk	side 9
Resultatrekneskap	side 10
Balanse pr. 31.12.	side 11
Notar	side 12
Revisjonsmelding	side 14
Repertoar	side 16
Personalet ved Teatret Vårt	side 19

**Framsdebilte:** Thorir Sæmundsson og Pål Rønning frå 90-metersbakken

**Utgjevar:** Teatret Vårt, AS Regionteatret i Møre og Romsdal  
**Ansvarleg utgjevar:** Carl Morten Amundsen  
**Redaksjon:** Carl Morten Amundsen, Knut Lidvard Høgset, og Rolf-Inge Pedersen Hjelseth  
**Utforming:** Rolf-Inge Pedersen Hjelseth  
**Foto:** Fred Jonny Hammerø  
**Trykk:** EKH trykk, Molde  
**Opplag:** 400

## TEATRET VÅRT 2004

### Publikumsrekord

2004 gav Teatret Vårt det største publikumstalet nokon gong. Eit samla tilskodartal på 50752 er meir enn 12 000 fleire enn den førre rekorden frå 2002. Ei hovudårsak til dette høge talet for 2004 ligg i at det vart gjennomført to store turnéar i samband med den kulturelle skulesekken dette året. Både *Gubben og katten* og *Shakespeares samlede verker, lett forkortet* blei spela for om lag 14 000 elevar kvar. Når så teatret kan syne til ein formidabel oppslutnad rundt musikalsatsinga *90-metersbakken* og særskilt god oppslutnad frå publikum om *Is-slottet* heilt på slutten av året, blir resultatet nær sagt overveldande. Vårsatsinga på *Ditt livs historie* var skuffande når det gjeld tilskodartal. Det same kan seiast om den internasjonale samproduksjonen *Facing death*. Teatret meiner likevel at 2004 har vore eit jubelår når det gjeld publikumsoppslutnad, og ein ser ikkje for seg at tilsvarende tal kan verte oppnådde dei næraste åra.

### Økonomi

Rekneskapen for 2004 blir gjort opp i balanse. Trass i eit rekordstort billettsal og høge sponsorrinntekter blei det ikkje noko overskot å snakke om i jubelåret. Årsaka ligg i kostnadene i samband med *90-metersbakken*.

Denne produksjonen blei monaleg dyrare enn rekna med i det budsjettet som blei laga ved inngangen til 2004. Høgt førehandssal av billettar gjorde likevel at teatret heile tida hadde oversikt over den økonomiske situasjonen, og den kostnadsauken som kom, var styrt og heile tida sett i samband med den store eigeninntekta. *Ditt livs historie*, *Facing death* og *Medeas barn* gav inntektstap i forhold til budsjett. Teatret hadde lagt opp til eit budsjett i balanse for 2004 og er såleis nøgd med at dette blei resultatet i eit driftsår med relativt stor risiko.

### 90-metersbakken

*90-metersbakken* dominerte arbeidet ved Teatret Vårt i store delar av 2004. Å lage ein heilt ny og norsk musikal er eit stort prosjekt for eit kvart teater. Særleg krevjande er det for eit lite regionteater som vårt. Produksjonsapparatet er mykje større enn for ei vanleg teaterframsyning. Det trengs musikkproduksjon, koreografi, sceneteknikk i tillegg til det som alltid følgjer med ein teaterproduksjon. Dette var ein viktig erfaring for alle delar av organisasjonen. Allereie tidleg på året starta marknadsføringsarbeidet som fekk karakter av noko i nærleiken av ein kampanje. Stor interesse vart vist frå media, og sentrale verksemdar i Molde-regionen gjekk inn som samarbeidspartnarar og tinga billettar i samband med dette. Parallelt med dette gjekk forarbeidet for produksjonen inn i siste avgjerande fase. Dette gjaldt særleg tekstarbeidet, scenografi og kostymer. Jo Nesbø som hadde skriva både musikk og tekst var debutant. Dette stilte også krav til teatret.



90-metersbakken: Lena Kristin Ellingsen, Svein Solenes, Gøril Haukebø, Håkon Moe, Frode Rasmussen, Frode Bjørøy (bak), Thorir Sæmundsson, Vivi Sunde, Henriette Steenstrup, Pål Rønning og Siren Jørgensen

Sjølve prøvearbeidet var ei sjeldan viktig tid for alle involverte. Eit team med Kjetil Bang-Hansen og Ingrid Bjørnov i spissen skapte eit samhald og ei begeistring som er sjeldan å oppleve. Ensemblet var ein fin blanding av ungdom og erfaring. I slike

stunder er teaterarbeid eit unikt samarbeid. Ein kjenner seg som medlemmar av ein familie, alder og røynsle spelar inga rolle. Kort sagt vart *90-metersbakken* ei vitamininnsprøyting for alle avdelingar ved teatret. Når ein så opplever at nesten 8000 menneske i ein by på 24 000 går mann av huse for å sjå framsyninga, kan ein ikkje ønskje seg meir. Framsyninga drog på turné i Møre og Romsdal etter Molde-perioden og det heile blei avslutta med ein tre vekers speleperiode ved Trøndelag Teater.

### Framsyningane og verksemda

Fyrste hovudproduksjon i 2004 var barneframsyninga *Gubben og katten* basert på bøkene til Sven Nordquist. Framsyninga var ledd i samarbeidet med carousel Theater an der Parkaue i Berlin. Dekorasjonen var på utlån frå dette teatret, etter at Teatret Vårt hadde sett igjen dekorasjonen til *Nathan den vise* i Berlin hausten i forevegen. (carousel Theater hadde premiere på sin *Nathan den vise* på forsommaren 2004.) Regi var ved Felicitas Loewe og teksten var hennar eiga dramatisering av bøkene om katten Findus og einstøingen Pettersen. Resultatet blei ei varm og morosam framsyning som møtte stor glede rundt om i fylket. Alle kommunar blei gjesta på ein arbeidskrevjande turne. Her skulle det vere skikkeleg teater med lys, teknikk, mekaniske høner og pyroteknikk. Idrettshallar og liknande måtte nyttast og det er eit omfattande arbeid for det scenetekniske mannskapet å rigge med tribunar for fleire hundre tilskodarar, blende vindauge m.m. frå gong til gong. Teatret Vårt trur likevel at skal den kulturelle skulesekken bli ein suksess, så må det vere rom for fullformat framsyningar også.

Donald Margulies skodespel *Ditt livs historie* var så neste hovudproduksjon med premiere i Ålesund under teaterfestivalen.

Framsyninga blei særst godt motteke av kritikarar og publikum. Særleg blei skodespelarprestasjonane framheva. Dessverre svikta publikum både på turne og i speleperioden i Molde. Det er vanskeleg å finne ei passande forklaring på denne svikten. Ein ukjent tittel og manglande "kjendisnamn" på plakaten kan kanskje forklare noko.

I samband med gjestespelet for *90-metersbakken* i Trondheim var Trøndelag Teater og Teatret Vårt samde om å gjennomføre ei utveksling av framsyningar. Trøndelag Teater hadde derfor premiere på *Medeas barn* av Susanne Osten og Per Lysander i Molde med påfølgjande turné i Møre og Romsdal. Barneteater av denne typen har ikkje nokon lang tradisjon i Noreg. Her til lands er ein ikkje vant med at teater for små barn tek opp problem i kvardagen. I dette tilfellet dreidde det seg om skilsmisse. Det viste seg tidleg at det var vanskeleg å få selt denne framsyninga til foreldra. Takka vere kulturavdelinga i Møre og Romsdal fylke blei det gjort mogleg at framsyninga fekk eit akseptabelt publikum. Prosjektet blei ei økonomisk belastning for Teatret Vårt, sjølv om dei to teatra delte på tapet. Framsyninga var

vel gjennomført og godt gjennomarbeidd. Vi trur at norsk barneteater må tole å gjere slike repertoarval i framtida om ein skal kunne komme vidare i utviklinga av norsk barneteater.

*Facing death* var ein samproduksjon mellom Teatret vårt, TJUZ-teatret i St. Petersburg og carousel Theater an der Parkaue i Berlin. Samproduksjonen var ein del av Magic-Net, og framsyninga hadde premiere i Cork i Irland i byrjinga av juni i samband med Annual Meeting for det europeiske teaternettverket. Framsyninga tok for seg materiale frå Stalingrad-fronten under den andre verdskrigen. Ein skodespelar frå Tyskland, ein frå Russland og ein frå Noreg spelte tre soldatar frå sine respektive land som møtte kvarandre igjen i ein slags skjærseid og der var tvungne til i all æve å fortsette krigen mot kvarandre. Dette var eit spennande og krevjande prosjekt kor dei tre skodespelarane nytta sine eigne språk. Både prøvetida og sjølve framsyninga handla om kommunikasjon. Kva kan ein forstå når ein ikkje forstår språket til kvarandre? Ein vart tvungen til å basere særst mykje av kommunikasjon på eit stumt språk, trua på eit universelt teaterspråk der kropp og situasjon skulle fortelje historia. Ein kan ikkje hevde at dette var eit ukomplisert arbeid. Ein slags krig oppstod mellom dei ulike måtane å tenkje teater på, utspant seg parallelt med den krigen som personane i stykket førte mot kvarandre. Tydelegare enn nokon gong før i dette samarbeidsnettverket blei det klart kor mange skilnader som finst mellom europeiske land. Det er lite ein kan ta for gitt, og ein lærer mykje om seg sjølv i møtet med andre arbeidsmetodar og kulturelle koder. Framsyninga blei vist i Berlin, Cork, Molde og St. Petersburg. Røynslene frå arbeidet med framsyninga, gjer at teatret har lyst til å fortsette slikt utvekslingsarbeid sjølv om det kostar energi og kan vere frustrerande mens det går for seg.

Siste hovudproduksjonen i 2004 var *Is-slottet* etter Tarjei Vesaas. Det Norske Teatret og Teatret Vårt laga i fellesskap denne framsyninga. Tre skodespelarar frå kvart teater utgjorde ensemblen, og produksjonskostnader og innsats var organisert på eit 50-50%-grunnlag. Erik Ulfsby sette i scene, Petter S. Rosenlund hadde dramatisert romanen og Arne Nøst laga scenografi og musikk. Framsyninga blei særst godt motteke av presse og publikum. Dette gjaldt både for fram-

syningane i Molde, og etter nyttår på turné og i Oslo. Dei to teatra leiter etter mulegheiter for å spele framsyninga meir enn det som var planlagt. Dette vil i så fall skje først i 2006.

Teatret produserte dessutan eit eige føjulsprogram som blei vist rundt om på eldreinstitusjonar. Programmet fekk tittelen *Julestemning* og inneheldt musikk og ulike tekstar som på ulikt vis omhandla jul og julestrid. Programmet fekk ei sær s venleg mottaking.

Ulike gjestespel, samt teaterkaféframsyningar blei gjevne også i 2004. Vidare deltok Teatret Vårt aktivt i utforminga av Ålesund Teaterfestival og Bjørnsonfestivalen.

I 2004 gjekk perioden for EU-finansiering av Magic-Net ut. Under Annual Meeting i Portugal i 2003 vedtok teatra at ein ville ta sikte på å avslutte denne treårsperioden med ein felles samproduksjon av *Odysseen* etter Homer. 14 dramatikarar blei inviterte til å skrive sine bidrag til prosjektet. Teatret Vårt gav bestillingsverket til Jon Fosse. Sommaren 2005 vil ein fellesproduksjon med deltakarar frå 12 ulike land og 14 teater få premiere i Zürich. Jon Fosse har skrive ein einaktar med tittelen *Telemakos*. Denne korte framsyninga fekk i mars 2005 urpremiere i Ålesund.

I Wijk an Zee i Nederland i september 2004 blei fleire av teatra i Magic-Net samde om freiste å føre arbeidet vidare i form av ein ny søknad til EU-kommisjonen. Magic-net II blei så utforma med utgangspunkt i ei kjerne av det gamle Magic-Net, men med nye medlemmar frå Ungarn, Polen, Slovenia, Estland og Tyrkia. Vidare har nettverket fått eit nytt medlem frå Tyskland i og med at carrousel Theater har fått ny leing og trekkjer seg ut. Landestheater Schwerin er ny tysk samarbeidspartnar. Svaret på søknaden får ein i desse dagar. Same kva for slags utfall dette får, er teatra innstilte på samarbeid.

Teatret Vårt har inngått eit samarbeid med Molde Kulturskole om å ta ansvar for teaterfaget ved skulen. Ei skodespelarstilling er finansiert mellom dei to institusjonane, og vedkommande har hatt arbeidsplassen sin både ved teatret og ved kulturskolen. Dette samarbeidet går vidare for skuleåret 2005-2006.

Teatret Vårt har vore lokalt vertskapsteater for prosjektet Den Unge Scenen (DUS). Våren 2005 skal fire ungdomsgrupper rundt om i fylket ha premiere på fire nyskrevne skodespel for og med ungdom. Her har også formidlingseininga vore sterkt involvert.

Formidlingseininga har laga pedagogiske opplegg for nesten alle framsyningar som teatret har produsert. I tillegg vert det avvikla verkstader og kurs for elevar og lærarar. Dette er ein viktig del av teatret sin satsing i samband med Den kulturelle skulesekken.

Teatret driv samarbeid med alle dei andre profesjonelle kulturinstitusjonane i Molde gjennom Molde Kulturforum. Vidare har Teatret Vårt og Operaen i Kristiansund hatt ei utveksling av tekniske tenester. Dette tok til i sesongen 2004-2005 i samband med *90-metersbakken* og Operafestukene 2005. Teatret Vårt og Trøndelag Teater har vore partnarar i fire år. Samarbeid har også vore gjennomført med Det Norske Teatret.

På seinhausten gjennomførte Teatret Vårt ei større ombygging av publikumsområda i teaterbygningen i Molde. Om lag 500 000 kroner blei investert i den nye Café Tvillingane, kalla opp etter den aller første produksjonen ved teatret i 1972. Lokala er dekorerte med bilettapet med motiv frå teatret si historie. Kaféen har også ein liten scene der ulike arrangement, mellom anna opplesingar har funne stad.

Teatret vårt har ein eigen venneforeining med 341 medlemmar ved utgangen av 2004. Foreininga arrangerer m.a. fleire møter i samband med premierane på teatret, teaterurar og gir ut medlemsavisa *Innkikk*. Venneforeininga oppretta i 2004 ein eigen pris for framifrå innsats ved teatret. Prisen har fått namnet *Fiskerjenten* etter Bjørnsons roman om Petra frå Molde som så gjerne ville bli skodespelarinne. Den første *Fiskerjenten* gjekk til skodespelar Vivi Sunde for rolla som Ruth Steiner i *Ditt livs historie*.

## Repertoar 2000-2004

1. Karlsson på taket	AB
2. Oleanna	F
3. Lykkeland	C
4. Hedda Gabler	B
5. Deilige utsikter	E
6. Vakkert	CD
7. Flammefjes	F
8. Vi lever 25 minutter for sent	A
9. Lomman fulle av stein	F
10. Harun og historienes hav	AF
11. Ordet	B
12. Tilbake til Venus	E
13. Nittenhundre	F
14. Bjørn D.	CD
15. norway.today	AF
16. Det tredje tegnet	ACD
17. Lilly Valentin	F
18. Verdens navle	E
19. Nathan den vise	B
20. Shakespeares samlede verker	F
21. Gubben og katten	A
22. Ditt livs historie	F
23. 90-metersbakken	D
24. Is-slottet	D

### Prosentvis fordeling på kategori

A	Barn/unge:	5	25%
B	Klassikarar:	4	20%
C	Nye norske:	4	20%
D	Uroppremierar:	3	15%
E	Revy/kabaret:	3	15%
F	Utenlandsk nytt:	7	35%



Is-slottet: Lena Kristin Ellingsen.  
Bak: Siren Jørgensen og Ane Dahl Torp

## Ambisjoner 2004 - 2007

*"Det som var den bärande bjälken i Teatret Vårt var en stark tro på att den bästa teatern kan göras var som helst"*

**Henning Mankell, instruktør ved Teatret Vårt på 70-tallet**

Teatret Vårt har adoptert orda til Henning Mankell som sitt slag-ord.

Vi gjer dette sjølv om vi veit at det ikkje finst lettvinde vegar til kunstnarlege resultat. All kunst forutset at vi er nyfikne, fylt av undring og fantasi, og samstundes villig til å overskride. Ein må overraske og overraskast. Å vere sjølvgod skapar sjeldan langvarig suksess. I kunsten finst ingen oppskrifter. Så sjølv om planar og strategidokument er upålitelege instrument å navigere etter, kan ein nytte dei til å reflektere over nokre målsetjingar, diskutere nokre moglege vegval.

### Liten og smidig organisasjon

Små økonomiske ressursar kan bli kompensert med ein organisasjon som er smidig og oversiktleg. Raskt og einskapleg kan ein fokusere på eit kunstnarleg prosjekt, ei enkel framsyning eller samle seg bak nokre felles kunstnarlege ambisjoner.

Molde gjev kunstnarleg konsentrasjon mogleg.

Det er lite som distraherer i ein liten by som Molde. Byen ligg i god avstand frå fjernsynsstudio og kommersiell underholdningsindustri. Difor er det mogleg å halde stor konsentrasjon kring den enkelte oppsetting.

### Rekruttere unge skodespelarar

Teatret skal halde fram med å rekruttere heilt unge skodespelarar, gi dei store og meningsfylte oppgåver saman med dei faste medlemmer og tilreisande gjestar.

### Fleksibel og profesjonell stab

Teatret treng ein liten, men djupt profesjonell teknisk stab med stor fleksibilitet på tvers av dei tradisjonelle fagskilja. Det tekniske personale har særlege kvalifikasjonar med å avvikle turné. Desse må ein dyrke og utvikle vidare. Det scenetekniske personalet må få fridom til å utvikle seg fagleg også på dei områda der teatret ikkje har spisskompetanse.

Administrasjonen har lang erfaring og stor dugleik, både når det gjeld planarbeid, økonomi og kontakt med dei ulike arrangørane

Administrasjonen er ein sentral del av infrastrukturen til teatret.

### **Kunstnarleg teater for barn og ungdom**

Barne- og ungdomsteater har låg prestisje i norsk teater. Teatret Vårt har teke mål av seg til å vere eit kunstnarleg teater òg for barn og ungdom. Å satse på eit ungt publikum skal vi ikkje gjere av omsyn til framtidens publikum. Barn og unge er eit publikum i dag på lik linje med dei vaksne. Dei har òg krav på at deira liv og erfaringar blir gjenstand for den same merksemda, undersøkinga, undringa og granskinga. Teater handlar om dei evige menneskelege spørsmåla om kven vi sjølv er. Barn og ungdom kavar som alle andre sjølvstøtt med slike spørsmål.

Teatret Vårt vil gjennom å satse på å søke annleis barne-dramatikk, utvikle ny norsk barnedramatikk, gjere eit bidrag når det gjeld å fornye norsk barne- og ungdomsteater. Teatret Vårt ønskjer å vere leiande på området teaterformidling, spesielt overfor denne publikumsgruppa. Teatret ønskjer å vidareutvikle si avdeling for teaterformidling i åra som kjem.

Samarbeidet med blant anna Møre og Romsdal fylke om Den kulturelle skolesekken kan bli ein reiskap i fornyinga av norsk barne- og ungdomsteater.

Teatret Vårt vil assistere fleire kulturskolar med å opprette teaterfag. Vi vil i den samanhengen prioritere skodespelardugleik, ikkje ulikt slik musikkskolane har prioritert grunnopplæring på dei ulike musikkinstrumenta.

### **Internasjonalt samarbeid**

Samarbeidet i Magic-Net blei avslutta i oktober 2004. Det blir ei prioritert oppgåve å erstatte dette samarbeidet med fleire og solide relasjonar. Den internasjonale utvekslinga er inspirerande for heile fagmiljøet og gjer det mogleg å vurdere eige fagleg nivå i ein internasjonal målestokk. Opphald ved teater i utlandet, kan vere ein viktig føremon for Teatret Vårt. Magic-Net var eit forum for arbeid med ungdomsteater. Det er naturleg

at det er innanfor barne- og ungdomsteatret at den vesentlege delen av slikt internasjonalt samarbeid vil finne stad med sentrale teater i dette nettverket.

Teatret Vårt held fram med å medvirke i EuNetArt - den europeiske organisasjonen for kunstformidling mot barn og unge.

### **Nye utfordringar i turnépolitikken**

Eit kjerneområde for verksemda til regionteatret er turnear. Teatret Vårt skal vere teater for heile Møre og Romsdal. Innanfor barne- og ungdomsteatret når teatret betre ut enn nokon gong takka vere ein velfungerande kulturell skolesekk. Når det gjeld det ordinære tilbodet til det vaksne publikum er situasjonen vanskelegare. Marknadssituasjonen har endra seg på dei snart 32 åra teatret har

vore på veggen. Fritids- og underholdningstilboda er større. Det er tungt å markere seg tilstrekkeleg på den ein-skilde spelestad. Det er krevjande å opprette sterke eigarskapsband til bygdar, byar og tettstadar vi



*Ditt livs historie: Vivi Sunde*

berre vitjar nokre dagar i løpet av eit år. Teatret vil i åra som kjem måtte styrke arrangørnettverket. Saman med Møre og Romsdal fylke og kommunane må teatret finne fram til ein turnépolitikk tilpassa vår tid.

Særleg må teatret styrke sin posisjon i dei to andre store byane, Ålesund og Kristiansund. Her finst det eit stort publikumspotensiale. Teatret må saman med andre aktørar byggje opp lokal representasjon som kan arbeide profesjonelt med formidling av teaterfram-syningar (òg framsyningar frå andre, slik som Riksteatret).

## STYRET SI ÅRSMELDING

### Selskapet

AS Regionteatret i Møre og Romsdal har som formål å drive teaterverksemd i Møre og Romsdal fylke. Selskapet sitt forretningskontor er i Molde kommune.

### Generalforsamling

Generalforsamling i AS Regionteatret i Møre og Romsdal vart halden i Teaterhuset Forum 26. mai 2004.

Tilstades var:

Svein Atle Roseth, Møre og Romsdal fylke  
Leif Lagesen, fullmakt NUMØR

Representant for revisor  
Sigmund Harneshaug

Elles møtte:

Elen Lein, styreleiar  
Carl Morten Amundsen, teatersjef  
Knut Lidvard Høgset, adm.sjef  
Rolf-Inge P. Hjelseth, info.leder

Rekneskap og årsmelding vart samrøystes vedteke. Generalforsamlinga tok til etterretning kven som var oppnemnde som styremedlemmer.

Styret

Styret hadde i 2004 sju styremøter og hand-sama i alt 24 saker.

Styret hadde slik samansetjing:

Som representantar frå staten:

Elen Lein, styreleiar  
Just Ingebrigtsen, styremedlem  
Heidi Løklingsholm, styremedlem  
Arild Hervik, styremedlem  
Liv Stette, 1. varamedlem  
Bjørn Michelsen, 2. varamedlem

Som representantar frå Møre og Romsdal fylkeskommune:

Ottar Brage Guttelvik, nestleiar  
Frøydis Austigard, varamedlem

Som representantar frå Molde kommune:  
Per Kåre Trengereid, styremedlem

Lars Oltedal, varamedlem

Som representantar for dei tilsette:

Siren Jørgensen  
Vara for ansatterepresentant/observator

Svein Larsen

Vara for observator:

Halvard Fiksdal

Representasjon

Stiftelsen Bjørnsonfestivalen:

Styremedlem: Carl Morten Amundsen

Stiftelsen Ålesund Teaterfestival:

Styreleiar: Knut Lidvard Høgset

Norsk Teater- og orkesterforening:

Varamedlem i styret: Elen Lein

Forhandlingsutvalet i Norsk Teater- og orkesterforening:

Carl Morten Amundsen

Norsk Teaterlederforum:

Carl Morten Amundsen, leder

### Arbeidsmiljø og organisasjon

Arbeidsmiljøet i 2004 har vore godt.

Det totale sjukefråværet i år 2004 har vore 0,XX årsverk. Det er ikkje rapportert om skadar eller andre ulykker. Teatret si verksemd ureinar ikkje det ytre miljø.

### Likestilling

Teatret har et styre med 3 kvinnelige representantar av totalt 7 styremedlemmer, der styreleiar er ei kvinne.

### Økonomien i selskapet

## IKKE OPPDATERT

Teatret Vårt hadde i år 2003 eigeninntekter

og tilskott på til saman 20.888.431,-.

Totale tilskott utgjorde 17.352.875. Dei faste

driftstilskotta er fordelt med 11.905.000,- frå

Kultur- og kyrkjedepartementet, 2.551.775,-

frå Møre og Romsdal fylkeskommune og

2.551.100,- frå Molde kommune. I tillegg

fekk teatret eit ekstra tilskot frå staten for

2003 på 210.000,- og støtte frå kulturrådet

på til saman 135.000, der 60.000 var støtte

til Ny norsk dramatik og 75.000,- til reises-

tøtte i samband med vårt gjestespel til Berlin

og Dresden.

Driftsresultatet er på 721.592,-. Resultat av

finanspostane er på kr 91.420,-.

Eigenkapitalen var ved inngangen til 2003

på 1.097.727,-. Overskottet på 813.012,- er

avsett til annan eigenkapital. Ved utgangen

av 2003 har teatret ein eigenkaptial på



## STATISTIKK 2004

Produksjon	Publikum	Framsyrningar	For barn og ungdom	
			Publikum	Framsyrningar
Shakespeares samlede verker	14825	73	14825	73
Gubben og katten	13043	68	13043	68
Ditt livs historie	1052	25		
90-metersbakken	12907	33		
Nittenhundre	210	5		
Feighet har ingen råd til	133	3		
Julestemning	868	17		
Barnlige lyst	169	1	169	1
Sidescenen	376	8		
Café Tvillingene	87	12		
Facing Death (Magic-Net)	565	12		
Is-slottet	2070	17		
Medeas barn	2247	14	2247	14
A Midsummer Night's Dream	587	2		
Bedre uten hund	89	2		
Klassisk hærverk	1341	6		
Reisefeber	109	2		
Gjøglere kommer	227	3		
Via Dolorosa	46	2		
<b>Sum</b>	<b>50951</b>	<b>305</b>	<b>30284</b>	<b>156</b>

### Framsyrningar og billettinntekter

Publikum	50951
Framsyrningar	305
Billettinntekter	5.403.558
Gj.snitt inntekt pr.bill.	106,05

### Fast og åremåls tilsett personale

Teatersjef/administrasjon/ marknad	9
Skodespelarar	10
Teknisk personale	8
Formidlingsavdeling	1

**Sum tilsette 28**

Utgjer 17,9 heile stillingar

### Totale driftsinntekter- og utgifter

Eigne inntekter	<b>MANG- LER</b>
= prosent av totale driftsutgifter	

### Deltidstilsette

I tillegg til dei fast tilsette var det engasjert tilsaman 102 personar på deltid i løpet av året.

### Tilskott

Staten (kap. 324, post 71)	12.305.000
Møre og Romsdal fylkeskommune	2.636.950
Molde kommune	2.656.800
Andre tilskott	60.000
<b>Samla tilskott</b>	<b>17.638.750</b>

## RESULTATREKNESKAP

		2004	2004	2003
	NOTE	Rekneskap	Budsjett	Rekneskap
<b>I Driftsinntekter</b>				
Billett- og programsal	2	5 403 558	4 715 000	2 762 157
Andre inntekter		1 295 552	1 262 350	773 399
Driftstilskott		17 638 750	17 668 650	17 352 875
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>24 337 860</b>	<b>23 646 000</b>	<b>20 888 431</b>
<b>II Driftskostnader</b>				
	1			
Kostnader arbeidskraft	3, 4, 5	15 224 838	14 977 650	12 357 605
Materialkostnader		723 445	681 500	398 584
Sal- og informasjonskostnader		945 205	864 000	847 035
Andre driftskostnader		4 932 624	4 525 350	4 187 685
Kostnader lokale		2 057 339	2 068 000	1 878 634
Utstyrskostnader		73 642	100 000	86 296
Avskrivningar	6	410 000	470 000	411 000
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>24 367 093</b>	<b>23 686 500</b>	<b>20 166 839</b>
<b>III Driftsresultat</b>		<b>- 29 233</b>	<b>-40 500</b>	<b>721 592</b>
<b>IV Finansielle postar</b>				
Finansinntekter		53 687	60 000	128 227
Finanskostnader		21 496	19 500	36 807
<b>Resultat av finansielle postar</b>		<b>32 191</b>	<b>40 500</b>	<b>91 420</b>
<b>V Resultat før EOP</b>		<b>2 958</b>	<b>0</b>	<b>813 012</b>
<b>VI Ekstraordinære postar</b>				
Ekstraordinære inntekter				
Ekstraordinære kostnader				
<b>Resultat av ekstraord. postar</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>VII Resultat</b>		<b>2 958</b>	<b>0</b>	<b>813 012</b>

Husk nummer på notene

## BALANSE pr 31.12

	NOTE	2004	2003	2002
<b>Anleggsmidler</b>				
Varige driftsmidler	7	2 893 972	1 889 667	1 855 301
Stiftelsen Bjørnsonfestivalen		20 000	20 000	10 000
Stiftelsen Ålesund Teaterfestival		3 000	3 000	3 000
Stiftelsen Shwittersdagene		5 000	5 000	5 000
KLP		82 324	57 777	57 777
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>3 004 296</b>	<b>1 975 444</b>	<b>1 931 078</b>
<b>Omløpsmidlar</b>				
Andre kortsiktige fordringar		450 672	346 463	378 155
Depositum, leigebuarinnskot		45 729	19 247	25 987
Debitorar		851 851	204 215	155 461
Kasse, bank		351 041	1 763 485	1 813 343
<b>Sum omløpsmidlar</b>		<b>1 699 293</b>	<b>2 333 410</b>	<b>2 372 945</b>
<b>SUM ANLEGGSMIDLAR OG OMLØPSMIDLAR</b>		<b>4 703 589</b>	<b>4 308 853</b>	<b>4 304 023</b>
<b>Eigenkapital</b>				
<b>Innskutt eigenkapital</b>				
Aksjekapital (275 á 2.000,-)	8	550 000	550 000	550 000
<b>Opptent eigenkapital</b>				
Annan eigenkapital		1 363 695	1 360 738	547 727
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>1 913 695</b>	<b>1 910 738</b>	<b>1 097 727</b>
<b>Langsiktig gjeld</b>				
Lån Fokus bank		0	0	533 127
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>533 127</b>
Kortsiktig gjeld				
Kreditorar		649 260	755 971	876 204
Anna kortsiktig gjeld		130 147	9 519	139 082
Skuldig feriepengar m.m.		1 043 188	927 804	832 536
Skuldig offentlege avgifter		967 299	704 821	825 347
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>2 789 894</b>	<b>2 398 115</b>	<b>2 673 168</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>4 703 589</b>	<b>4 308 853</b>	<b>4 304 023</b>

## NOTAR

### Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er satt opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk for små foretak. Desse rekneskapsprinsipp er brukt: Variabel tilverkingkost for eigentilvirka varer, FIFO-metoden for tilordning av anskaffelseskost for ombytelege finansielle egedelar, lågaste verdi prinsipp for marknadsbaserte finansielle omlaupsmidlar, forsikra pensjonsforpliktingar er ikkje balanseført-kostnadene er lik premien. Leigeavtalar er ikkje balanseført.

### Note 1: Turnéutgifter

Lønnsrelaterte kostnader	1.584.000
Husleige, arrangørhonorar m.m	396.000
Transport og bilhald	398.000
Hotel	700.000
<b>Sum turneutgifter</b>	<b>3.078.000</b>

Turneutgiftene er definert som utgifter direkte knytta til turneverksemd. Ordinær lønn i turneperioden er tildømes ikkje medrekna her, men kostnader til turnetillegg, diett m.m som direkte kan knyttast til turneverksemd.

### Note 2: Billettinntekter

	Billett
Kaféteater	26.750
Barnlige lyst	10.860
Nittenhundre	10.000
Gubben og katten	882.070
90-metersbakken	2.608.694
Shakespeares samlede verker	1.069.885
Is-slottet	232.024
Klassisk Hærverk	295.750
Ditt livs historie	107.325
Facing death	13.205
Medeas barn	61.495
Gjøglerne kommer	26.840
Reisefeber	14.705
Feighet har ingen råd til	17.245
Via Dolorosa	4.360
Julesteming	22.350
<b>Sum billettinntekter</b>	<b>5.403.558</b>

### Note 3: Godtgjersle

For perioden 01.01.04 til 31.12.04 er det utbetalt honorar til styret med kr. 96.075,-.

Løn til teatersjef kr. 602.350,-, inkludert husleige kr. 95.800,-.

Revisor har motteke følgjande godtgjersle for ordinær revisjon kr. 38.440,-.

### Note 4: Lønskostnader

	2004	2003
Løningar	11.339.247	9.153.667
Arbeidsgivaravgift	1.556.795	1.378.666
Pensjonskostnader	1.019.996	880.806
Andre ytingar	1.308.800	944.466
<b>Sum</b>	<b>15.224.838</b>	<b>12.357.605</b>

### Note 5: Pensjonsforpliktingar

Teateret Vårt har ordinær tariffesta tenestepensjonsordning og AFP dekkja gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse.

PENSJONS-FORPLIKTINGAR	01.01.2004 FAKTISK	31.12.2004 ESTIMAT
Brutto forpliktingar	7.817.240	9.112.468
Pensjonsmidlar	6.264.410	7.557.142
Netto forpliktingar før arb.avgift	1.552.830	1.555.326
Ikke resultatført estimatendring/- avvik		-688.468
Balanseført netto forpliktelse før arb. avg.		866.858

**Note 6: Varige driftsmidler**

	<b>2003</b>
Anleggskostnader 01.01	5.242.359
+ tilgang i året	1.414.306
Anleggskostnader 31.12.	6.656.665
Tidligere avskrivningar	3.352.692
Årets avskrivning	410.000
<b>Bokført verdi 31.12</b>	<b>2.942.692</b>

**Note 7: Aksjar og aksjonærar**

Selskapet sin aksjekapital er på 550 000,-  
fordelt på 275 aksjar á 2 000,-.

Aksjonærar er:

Møre og Romsdal fylke,  
132 aksjar


Molde kommune,  
132 aksjar

Norges ungdomslag, Møre og Romsdal,  
11 aksjar.

Molde den . april 2005



Elen Lein  
styreleiar




Per Kåre Trengereid  
nestleiar



Ottar Brage Guttelvik



Heidi Løklingsholm



Just Ingebrigtsen



Arild Hervik



Siren Jørgensen



Carl Morten Amundsen  
teatersjef

## Sigmund Harneshaug Statsautorisert revisor

Rådhusplassen 1  
6413 MOLDE

Telefon: 71 11 14 51  
Telefaks: 71 11 10 28  
Telefon: 71 11 10 00 – hovudkontor  
E-post: [sigmund.harneshaug@molde.kommune.no](mailto:sigmund.harneshaug@molde.kommune.no)  
Revisornr.: 982 517 951

Til  
Generalforsamlinga i  
AS Regionteatret i Møre og Romsdal

**Sted/dato**

Molde, 22. april 2005

### REVISJONSMELDING FOR 2004


Eg har revidert årsrekneskapen for AS Regionteatret i Møre og Romsdal for rekneskapsåret 2004 som syner eit årsoverskot på kr 2 958. Eg har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegg til bruk av overskotet.

Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap, balanse og opplysningar i notar. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret og dagleg leiari for selskapet. Min oppgåve er å vurdere og uttale meg om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Eg har utført revisjonen i samsvar med revisorlova og god revisjonsskikk i Norge. God revisjonsskikk krev at eg planlegg og utfører revisjonen slik at han gir meg den tryggleiken eg treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimater, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av forvaltninga av formua og rekneskaps- og internkontrollsystema i selskapet. Eg meiner at revisjonen min gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Eg meiner at:

- ♦ årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit uttrykk for selskapet si økonomiske stilling 31. desember 2004 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapskikk i Norge.
- ♦ leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med god rekneskapskikk i Norge.
- ♦ opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og om forslaget til bruk av overskot, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.
- ♦ dei mottekne statstilskott er nytta i samsvar med Stortingets føresetnader.

  
Sigmund Harneshaug  
Statsautorisert revisor

<b>Økonomiske resultat</b>	<b>2001</b>	<b>2002</b>	<b>2003</b>	<b>2004</b>
<u>Inntekter:</u>				
Billettsal	2,8	3,2	2,8	5,48
Anna	0,4	0,8	0,8	1,3
Tilskott	16,1	16,4	17,3	17,6
<b>Sum</b>	<b>19,3</b>	<b>20,4</b>	<b>20,9</b>	<b>24,3</b>
<u>Kostnader</u>				
Drift	17,3	20,1	20,2	20,2
Finansk.	-0,1	-0,1	-0,1	0
Ekstraord.	0,2	0,1	0	0
<b>Resultat</b>	<b>1,9</b>	<b>0,3</b>	<b>0,8</b>	<b>0</b>

<b>Eigenkapital pr 31.12</b>	<b>2001</b>	<b>2002</b>	<b>2003</b>	<b>2004</b>
Sum	0,8	1,1	1,9	1,9

### Statistikk publikum og framsyningar

#### Periode 2001-2004

2001	
Framsyningar	393
Publikum	32 352
2002	
Framsyningar	248
Publikum	39 306
2003	
Framsyningar	291
Publikum	34 184
2004	
Framsyningar	305
Publikum	50 752
Sum 2001-2004	
Framsyningar	1237
Gjennomsnitt	2309
Publikum	156 594
Gjennomsnitt	39 149

#### Periode 1996-1999

1996	
Framsyningar	202
Publikum	17466
1997	
Framsyningar	212
Publikum	17 636
1998	
Framsyningar	126
Publikum	21 990
1999	
Framsyningar	218
Publikum	20 271
Sum 1996-1999:	
Framsyningar	758
Gjennomsnitt	190
Publikum:	77 363
Gjennomsnitt:	19 341

## REPERTOAR 2004



Shakespeares samlede verker: Thorir Sæmundsson og Pål Rønning

### Hoved produksjoner **SHAKESPEARES SAMLEDE VERKER,** (lett forkortet)

Av J. Borgeson, A. Long og D. Singer  
Omsett av Randolph Walderhaug  
Regi: Liv Anne Bjurgren

Medverkande:  
Pål Rønning  
Thorir Sæmundsson  
Svein Solenes

Premiere: 5. desember 2003  
Framsyingar: 73  
Publikum: 14825



Gubben og katten: Pål Rønning, Thorir Sæmundsson  
og Randolph Walderhaug

### **GUBBEN OG KATTEN**

Av Sven Nordqvist  
Dramatisert av: Felicitas Loewe  
Oversatt av: Carl Morten Amundsen  
Regi: Felicitas Loewe

Medverkande:  
Randolf Walderhaug  
Pål Rønning  
Thorir Sæmundsson

Noregspremiere: 30. januar 2004 i Molde  
Framsyingar: 68  
Publikum: 13043



Ditt livs historie: Siren Jørgensen og Vivi Sunde

### **DITT LIVS HISTORIE** (originalens tittel: **Collected Stories**)

Av Donald Margulies  
Regi: Carl Morten Amundsen  
Oversatt av: Benjamin Eriksen  
Scenografi: Arne Nøst

Medverkande:  
Vivi Sunde  
Siren Jørgensen

Noregspremiere: 18. mars 2004 i Ålesund  
Framsyingar: 25  
Publikum: 1052



90-metersbakken: Pål Rønning, Thorir Sæmundsson,  
Svein Solenes og Håkon Moe

### **90-METERSBAKKEN**

Av Jo Nesbø  
Manuskriptutvikling og -bearbeidelse: Carl  
Morten Amundsen, Kjetil Bang-Hansen og  
Ingrid Bjørnov  
Regi: Kjetil Bang-Hansen  
Scenografi: John-Kristian Alsaker  
Kostymer: Ingrid Nylander  
Musikalsk bearbeidelse: Ingrid Bjørnov  
Koreografi: Inger-Johanne Rütter  
Musikalsk arr.: Javed Kurd og Hans Einar  
Apelland  
Masker: Greta Bremseth

Medverkande:



Thorir Sæmundsson  
Gøril Haukebo  
Pål Rønning  
Siren Jørgensen  
Henriette Steenstrup  
Frode Bjørøy  
Lena Kristin Ellingsen  
Håkon Moe  
Svein Solenes  
Frode Rasmussen  
Vivi Sunde

Musikarar:  
Javed Kurd  
Hans Einar Apelland  
Stig Værnes  
Henrik Mosnes

Urpremiere 18. august 2004 i Molde  
Framsyingar: 33  
Publikum: 12907

**Andre egenproduksjoner: NITTENHUNDRE**

Av Alessandro Barrico  
Omsett av Birgit Owe Svihus  
Regi: Carl Morten Amundsen



Medverkande:  
Randolf Walderhaug

Noregspremiere: 12. desember 2002  
Framsyingar: 5  
Publikum: 210

**FEIGHET HAR INGEN RÅD TIL**

Av Frode Bjørøy og Heine Bugge  
Regi: Carl Morten Amundsen



Medverkande:  
Frode Bjørøy

Musikar:  
Heine Bugge

Urpremiere 4. november 2004 i Molde  
Framsyingar: 3  
Publikum: 133

**JULESTEMNING**

Av Valborg Frøysnes og Heine Bugge



Medverkande:  
Valborg Frøysnes

Musikar:  
Heine Bugge  
Urpremiere 19. november 2004 i Molde  
Framsyingar: 17  
Publikum: 868

**BARNLIGE LYST**

Framsying: 1  
Publikum: 169



**SIDESCENEN**

Framsyingar: 8  
Publikum: 376

**CAFÉ TVILLINGENE**

Framsyingar: 12  
Publikum: 87

**Samproduksjoner**

**FACING DEATH** (Magic-Net)

Magic-Net Co-Produksjon med Tjuz, St. Petersburg, Russland, Teatret Vårt og carousel Theater, Berlin, Tyskland

Regi: Renat Safiullin  
Scenografi: Ella Späte  
Dramaturgi: Bettina Groß  
Video: Sebastian Klemke

Medverkande:  
Vladimir Chernishov (Tjuz, St. Petersburg)  
Bjørnar Teigen (Teatret Vårt)  
Arnim Beutel (carousel Theater, Berlin)

Noregspremiere 4. september 2004 i Molde  
Framsyingar: 12  
Publikum: 565



Is-slottet: Ane Dahl Torp og Lena Kristin Ellingsen

**IS-SLOTTET**

av Tarjei Vesaas  
Dramatisert av Petter S. Rosenlund  
Musikk av Arne Nøst

Eit samarbeid mellom Teatret Vårt og Det Norske Teatret

Regi: Erik Ulfsby  
Scenografi: Arne Nøst  
Kostymer: Milja Salovaara  
Koreografi: Ingrid Lorentzen  
Lysdesign: Tryggve Ildahl  
Maskedesign: Trude Sneve  
Dramaturg: Kristian Lykkeslet Strømskag

Medverkande:  
Lena Kristin Ellingsen  
Ane Dahl Torp  
Siren Jørgensen  
Nina Andreassen  
Christoffer Staib  
Håkon Moe

Urpremiere 26. november 2004 i Molde  
Framsyingar: 17  
Publikum: 2070

### **MEDEAS BARN**

Framsyingar: 14  
Publikum: 2247

### **A MIDSUMMER NIGHT'S DREAM**

(Magic-Net)  
Framsyingar: 2  
Publikum: 587

### **Gjestespill BEDRE UTEN HUND**

Framsyingar: 2  
Publikum: 89

### **KLASSISK HÆRVERK**

Framsyingar: 6  
Publikum: 1341

### **REISEFEBER**

Framsyingar: 2  
Publikum: 109

### **GJØGLEREN KOMMER**

Framsyingar: 3  
Publikum: 227

### **VIA DOLOROSA**

Framsyingar: 2  
Publikum: 46

## PERSONALET PÅ TEATRET VÅRT 2004

### Skodespelarar:

Randolf Walderhaug	fast tilsett
Vivi Sunde	„ „
Gøril Haukebø	„ „
Thorir Samundsson	åremål
Siren Jørgensen	åremål
Bjørnar Teigen	skodespelar/dramatikar/instruktør
Pål Rønning	åremål
Svein Solenes	08.03 –
Håkon Moe	10.05 –
Henriette Stenstrup	10.05 – 02.10
Frode Bjørøy	10.05 – 07.11
Lena Kristin Ellingsen	10.05 –
Frode Rasmussen	10.05 – 31.12
Valborg Frøysnes	10.08 – (1/2 stilling som skuespiller)

### Teknisk:

Bjørn Kalvatsvik	inspisient
Mathias Hammerø	verkstad
Finn Landsperg	lysmeister
Svein Larsen	scenemeister/teknisk leiar
Bergliot Rørvik	rekvisitør
Åshild Mjåseth	leiar systove
Gerd Austnes	systove
Øyvind Woldstad	siviltjenestepliktig
Kick Mentzoni	deltid

### Administrasjon:

Carl Morten Amundsen	teatersjef
Knut Lidvard Høgset	adm.sjef
Borghild Rosvoll	salsleiar
Rolf Inge Pedersen Hjelseth	informasjonsleiar
Mary Farstad	adm.konsulent
Evy Johannessen	adm.sekretær
Rune Digernes	billettsekretær (40%)
Liv Anne Bjurgren	formidlingsleiar åremål

Totalt faste/deltidsansatte 89



# Teatret Vårt

REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL

Telefon 71 24 02 80 - E-post: [post@teatretvart.no](mailto:post@teatretvart.no) - Internet: [www.teatretvart.no](http://www.teatretvart.no)